

## Område for landsomfattande tilsyn i 2006

Kvar vår avgjer Helsetilsynet kva område ein skal gjennomføre tilsyn med året etter. Dette gjeld blant anna område for landsomfattande tilsyn som er gjennomførte som systemrevisjon, og område for annan tilsynsaktivitet, kalt områdeovervaking.

**Avvik** er når ein ikkje oppfyller krava som er fastsette i eller har heimel i lov eller forskrift.

**Merknad** er forhold som ikkje strir med krava som er fastsette i eller har heimel i lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å påpeike at det er grunnlag for forbetring.

Tilsynsressursane blir styrte mot område

- som er svært viktige for rettstryggleiken for enkeltmenneske
- der det er svært sannsynleg at det finst svikt
- der konsekvensane av svikt er alvorlege for brukarar og pasientar
- der ein ikkje kan vente at brukarar og pasientar sjølve klarer å ta vare på eigne interesser

Tilsyn skal medverke til at ein tek vare på det behovet befolkninga har for tenester, at tenestene blir drivne forsvarleg, og at ein førebyggjer svikt. Når Helsetilsynet rettar merksemd mot utvalde tenester og område, er det ut frå kunnskap om kvar det kan vere alvorleg svikt for brukarane. I prosessen med å avgrense aktuelle område spør vi om råd frå blant anna brukarorganisasjonar og fagmiljø.

For 2006 er det bestemt at ein skal gjennomføre landsomfattande tilsyn på følgjande område:

- habiliteringstenester til barn som omfattar både kommunale habiliteringstenester (sosial og helse) og spesialisthelsetenester
- tverrfaglege, spesialiserte tenester til rusmiddelmissbrukarar
- rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming

Tilsynsrapportane blir fortløpande lagde ut på nettsidene til Fylkesmennene og Helsetilsynet. Helsetilsynet gir ut ein oppsummeringsrapport for kvart av dei landsomfattande tilsyna i serien Rapport fra Helsetilsynet .

### Landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til barn

Erfaringar frå tilsyn med habilitering og rehabilitering viser at det er forskjellar mellom kommunar når det gjeld organisering, omfang og fagleg innhald, og det er manglar i tilrettelegginga av tenester og oppfølging av tenestetilbod. Eksempel på dette er manglande samhandling og koordinering av tenester internt i kommunane og med spesialisthelsetenesta. Dette kan føre til at ein ikkje fangar opp personar som treng langvarige og koordinerte tenester, slik at dei ikkje får utgreiing og tilbod om fullgod oppfølging. Barn er særleg utsette og sårbare, og svikt i habiliteringstenestene kan få alvorlege konsekvensar for utviklinga deira.

Tilsynet skal omfatte kommunale helse- og sosialtenester og spesialisthelsetenester til barn med medfødde eller tidleg erverva utviklingssvikt eller skadar i nervesystemet. Samhandling mellom dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta er sentralt for tilsynet, som skal fokusere på område der det er særleg stor risiko for svikt, og der konsekvensane av svikt er store.

**Landsomfattande tilsyn med tverrfaglege, spesialiserte tenester til rusmiddelmissbrukarar**  
Gjennomgangen som Helsetilsynet har gjort av data om helsetilstanden til rusmiddelmissbrukarar

og det helsetenestetilbodet dei får, viser tydeleg at mange rusmiddelmissbrukarar ikkje får dei tenestene dei har behov for og krav på. På grunn av helseproblema til tunge rusmiddelmissbrukarar, dei til dels alvorlege psykiske og somatiske lidingane, og dei høge dødstala som pregar denne gruppa, er Helsetilsynet særleg uroa over manglane i tenestetilbodet til tunge rusmiddelmissbrukarar.

Etter rusreforma i 2004 er ansvaret for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk lagt til dei regionale helseføretaka, og rettane til rusmiddelmissbrukarar i behandlingsapparatet er styrkte. Tilsynserfaringar, kunnskapsoppsummeringar og klagesaker kan tyde på at det framleis er risiko for at rusmiddelmissbrukarar ventar lenger enn forsvarleg på tverrfagleg spesialisert behandling, at tenestene ikkje er tilstrekkeleg koordinerte, eller at dei på andre måtar ikkje får det behandlingstilbodet dei etter lova har krav på.

### Landsomfattande tilsyn med bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming

Tilsyn i 2003 og 2004 med sosiale tenester viser at det i kommunane blir brukt tvang mot personar med psykisk utviklingshemming som ikkje er i tråd med krava i lov og forskrift. I om lag halvparten av kommunane det er ført tilsyn med på dette området, blir det peika på avvik og/eller gitt merknader. Tilsynserfaringane viser vidare at kommunane framleis har arbeid å gjere når det gjeld å betre styringa av tenestene og sikre kontinuerleg forbetring. Kommunane manglar ofte rutinar som sikrar brukarrettane i saksbehandling når tenester blir tildelte, endra og sette i verk. Det er mykje aktivitet når det gjeld opplæring, men det blir også rapportert om manglande systematiske tiltak som sikrar at tilsette har tilstrekkelege kunnskapar og ferdigheiter innanfor aktuelle fagfelt og dei tenestene dei yter.

Helsetilsynet ser det som uakseptabelt at mange kommunar ikkje oppfyller krava i lova når det gjeld bruken av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming. Dette kan føre til at brukarar blir utsette for fagleg og etisk uforsvarlege tenester, og til at rettstryggleiken til den enkelte ikkje blir teken vare på.

Dette er bakgrunnen for at Helsetilsynet har valt å ha landsomfattande tilsyn med bruken av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming i 2005 og 2006.

I landsomfattande tilsyn i 2005 retta ein merksemda mot kommunar som har fatta vedtak og/eller har sendt meldingar om bruk av tvang og makt overfor utviklingshemma. I tilsynet i 2006 skal merksemda særleg rettast mot kommunar der det ikkje er gjort vedtak om bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming.